

# Kommunale mål for forvaltninga av hjort i Stryn kommune.

## STRYN KOMMUNE HAR DESSE MÅLA FOR FORVALTNINGEN AV HJORT FOR PERIODEN 2004-2014.

- Kommunen, grunneigerane og jegerane, saman med lag og organisasjonar, skal samarbeide tett og godt for å oppnå felles mål i hjorteforvaltninga.
- Alle vald skal innan 2006 ha gått over på planbasert forvaltning av hjorten. Bestandsplanar skal utarbeidast for hjortebestandar.
  - Bestandsplan kan berre godkjennast for vald som rommar minimum 50% av ein hjortebestand sitt leveområde. Bestandsplanen kan likevel romme små deler av andre bestander sitt leveområde.
  - Bestandsplan skal berre godkjennast om det kan dokumenterast minimum eitt svært viktig overvintringsområde for hjort i valdet.
- Kommunen og grunneigerane skal til eikvar tid ha best mogleg oversyn over hjortebestandane utifrå dei ressursmessige avgrensingane vi må akseptere.
  - mål om full oppslutnad om kjeveinnsamlinga.
  - mål om å få innført ”sett hjort” i alle vald innan 2006.
  - mål om å få utarbeidd eit bestandskart for kommunen basert på Merkeprosjekt Hjort Nordfjord.
- Ingen hjortebestand får vekse utover det nivå som vinterbeitene tillet.
  - Vinterforing skal ikkje vere naudsynt i anna enn kriseår.
  - Vi skal kunne registrere forynging av alm i bestanden sitt leveområde der alm er naturleg.
  - Beiteskadene på naturskog skal vere akseptable.
  - Beiteskader på frukttre i område med kommersiell fruktdyrking skal vere akseptable.
- Ingen hjortebestand får vekse så stor at hjorten utgjør eit betydeleg trafikkproblem.
  - Antal påkøyrslar pr år i ein hjortebestand sitt leveområde må vere mindre enn 10% av det antal dyr som vert felt i det same området.
  
- Alle hjortebestandar skal ha ein mest mogleg naturleg alders- og kjønns-samansetting
  - Bukkeandelen skal ikkje verte så låg at det vært færre enn ein bukk pr tre koller.
  - Alle storvald med bestandsplan skal ha registrert minst ein storbukk (6-greiner og meir) pr 10 000 dekar teljande areal etter jaktslutt.
- Hjortejakta skal føregå på ein mest mogleg human, sikker og samfunnstilpassa måte.
  - Morlause kalvar skal ikkje gå igjen etter jakta.
  - Krav om ettersøk skal etterlevast.
  - Jakttida på hjort skal tilpassast dei lokale behov slik at ein får hausta stammen på ein effektiv måte.
  - Hjortejakt skal ikkje ekskludere annan bruk av utmarka (bærplukking, småviltjakt osv).

## BAKGRUNN FOR KOMMUNALE MÅL I HJORTEFORVALTNINGA.

Kommunene skal i samanheng med omlegginga av hjorteviltforvaltninga til bestandsplan og driftsplan utarbeide offentlege (kommunale) mål for forvaltninga av hjorteviltet i eigen kommune. Når vald søker om godkjenning av bestandsplan, skal kommunen sjå til at offentlege mål i forvaltninga vert teke omsyn til i planane.

I Stryn kommune har vi ikkje prioritert dette til nå. Frå og med jaktåret 2003 er imidlertid så mange vald med bestandsplan etablert at kommunen har fått eit grunnlag for å utarbeide eit eige måldokument.

## **1. ORGANISASJONEN.**

### **1.1 Rollefordeling mellom privat og kommunal forvaltning.**

Hjorteutvalet vart stifta i 2003. Organet representerer alle grunneigerar i vald med bestandsplan. *Det er viktig at den kommunale viltforvaltninga nyttar hjorteutvalet i høyring i viltsaker og tek organet med på råd i dei saker som vedkjem hjorteforvaltning. Samstundes må den kommunale viltforvaltninga framleis ivareta dei interesser og fatte dei vedtak dei skal i tråd med gjeldande regelverk etter viltlova.*

Kommunen bør også halde fram det tette samarbeidet med lokale jeger- og fiskeforeningar og lokale ettersøkslag.

### **1.2 Storvald og bestandsplanlegging.**

Kommunen skal arbeide for overgang til bestandsplan-basert hjorteforvaltning i alle storvald i kommunen i planperioden og helst før 2006. Det er eit mål at kommunen består av maksimalt 11-12 storvald på meir enn 25 000 dekar teljande hjortearreal. Eit storvald skal femne om mest mogleg av ein hjortebestand sitt leveområde utifrå den kunnskapen kommunen har om dette.

Minstekrav for godkjenning av bestandsplan med avskytingsplan er:

- Det må vere sannsynleg at bestandsplanen sitt dekningsområde i det minste dekker meir enn halvparten (50%) av den viktigaste hjortebestanden sitt leveområde.
- Storvaldet med bestandsplan må minst innehalde eitt viktig overvintringsområde for ein hjortebestand.
- Bestandsplanen bør dekke eit areal som gjev minimum 20 fellingsløyve pr år.
- Avskytingsplanen må vere oversiktleg og enkel å evaluere.
- Kommunen sine mål for hjorteforvaltninga skal vere innarbeidd/teke omsyn til i bestandsplanen.

Eitt eksempel på ein hjortebestand som er avdekt i Merkeprosjekt Hjort Nordfjord er ein bestand som overvintrar i Olden (Muri-Brynstad-Melheim) og har sommarbeite i Oldedalen. For Oldedalen vald er nok dette den viktigaste bestanden, sjøl om valdet også kan ha ein bestand som held seg heile året innan valdet. Olden-Oldedalen-bestanden har omtrent like stort areal av sitt leveområde i Olden og Oldedalen.

Olden har minst to andre bestandar i sitt område. Ein bestand som overvintrar i Olden og har sommarbeite i Lodalen. Ein annan som har vinterbeite i Vikane og har sommarbeite i Olden. Sannsynlegvis er ikkje denne siste ein stor bestand. Det er vanskelegare å uttale seg om bestanden som går til Lodalen. Denne kan vere talrik og den kan ha ein betydeleg del av sitt leveområde i Lodalen. På den måten har Olden sannsynlegvis fleire bestandar, men for ein av dei viktigaste dekker valdet om lag 50% av leveområdet.

## 2. HJORTESTAMMER – STORLEIK OG KVALITET.

*Det må vera eit mål at kommunen nyttar alt tilgjengeleg materiale til å kunne vurdere storleiken på den levande hjortestammen i kommunen til einkvar tid og kva produksjonsemne som er i denne stammen.*

Til nå har vi teke i bruk metode for *telling av hjort på vårbeite* der dette er mogleg å utføre. Vårteljning av hjort skal utførast i samarbeid mellom dei einskilde storvald, hjorteutvalet og den kommunale viltforvaltninga.

I tillegg til vårteljning har kommunen gjennom 10 år samla inn *kjevar og kjønnsorgan* for å fylgje bestandsutviklinga og produktiviteten i stamma i samarbeid med Norsk Institutt for naturforskning.

*Det er eit mål å halde fram materialinnsamlinga for å kunne fylgje utviklinga i stammestorleik og produktivitet for framtida.* Det er viktig at materialinnsamlinga held same kvalitet som på slutten av 90-talet. Innsamling av alt kjevemateriale skal difor halde fram også når Hjorteovervakingsprogrammet er avslutta.

”*Sett hjort*” er eit nytt redskap for å fylgje bestandsutviklinga, der alle jegerar på standard skjema fyller ut kor mange og kva type dyr dei har sett og skote kvar dag dei har vore på jakt. Dette redskapet vert innført i heile fylket med det fyrste og kommunen storvalda må finne det rette tidspunkt å ta dette i bruk.

For å kartlegge mest mogleg av dei viktigaste trekkvegane for hjorten i Nordfjord har vi sett i gang eit merkeprosjekt som går til og med 2006. Mykje materiale vil også verte samla inn etter 2006. Dette merkeprosjektet vil verte eit godt redskap til å få kartlagt dei best eigna grensene mellom dei ulike vald med bestandsplanar.

### 2.1 Stammestorleik.

Dei ulike hjortestammene i kommunen skal ha ein storleik avgrensa oppover som gjer at:

- Antal påkøyrdde dyr skal som gjennomsnitt ikkje overstige 4% av tal dyr skote under jakt det einskilde år.
- Skadene på område for kommersiell frukt- og grønnsak- og bær dyrking ikkje vert uakseptable for den einskilde bonde.
- Alm kan forynge seg i alle delområde i kommunen der arten er naturleg førekomande.
- Stammen har nok naturleg vinterfor også i år med mykje snø og sein vår.

*Mykje tyder på at kommunen bør prøve å stabilisere stammen på eit nivå som gjer det naturleg å felle mellom 500 og 550 dyr årleg i gjennomsnitt.*

Talet må justerast etterkvart som vi får nytt kunnskapstilfang.

### 2.2. Stammekvalitet.

*Hjortestammen skal beskattast på ein måte slik at hjortestammen til eikvar tid har ein mest mogleg naturleg alders- og kjønnsamansetning.*

Utifrå dagens kunnskap når ein dette ved å beskatte stammen med ein fordeling på om lag 25% kalv, 15% unge hanndyr, 15% unge hodyr, 22% eldre hodyr og 23% eldre hanndyr.

Problemet på 90-talet har vore at bukkeandelen i bestanden har vore for liten, med opptil 5 koller pr bukk etter jakt. Dette gjev dårlegare kvalitet i stammen med mange seint fødde kalvar.

Vi bør prøve å auke bukkeandelen i stammen slik at det maksimalt vert 3 koller pr bukk i bestanden. Vi kan rekne oss fram til denne fordelinga gjennom bruk av Sett hjort og gjennom å systematisere data frå Hjorteovervakingsprogrammet.

Ved sidan av å auke bukkeandelen i stamma totalt er det også viktig å auke *storbukk-andelen*. I mange vald har storbukk nærast vore fråværande på slutten av 90-talet. Som ein tommelfingerregel bør alle storvald med bestandsplan kunne registrere minimum 1 storbukk pr 10 000 dekar teljande hjorteareal etter at jakta er slutt. Som storbukk reknar vi bukk med 6 greiner på kvar gevirstang eller meire, tilsvarande normal slaktevekt i byrjinga av jakta på meir enn 110 kg. Dette målet betyr at ein veit at desse bukkane har overlevd. Dersom vi lukkast med dette, vil ein innan kommunen ha minimum 45 bukkar med denne storleiken, noko som vil tilsvare om lag 2.5% av stammen sin totale storleik.

### **3. HJORTEJAKTA.**

Hjortejakta skal føregå på ein mest mogleg human, sikker og samfunnstilpassa måte. Hjortejakta må vere akseptert som haustingsmåte i det samfunnet vi lever i.

Ein krav vi må stille til jakta er at vi ikkje lenger finn kalvar gåande igjen etter jakta fordi mora er fråskoten. I vår kommune får mortap mest sannsynleg som følge at kalven dør påfølgande vinter eller vår.

I tillegg må vi vere sikre på at alle påskytingar av hjort utan felling av dyr vert følgd opp med ettersøk og at ein legg vinn på å oppklare så stor andel av desse påskytingane som mogleg.

Hjortejakta må ikkje verke ekskluderande på andre måtar å bruke utmarka på, slik som bærplukking, småviltjakt og anna friluftsliv. Det er viktig at jakttida på hjort er lokalt tilpassa til at ein på ein effektiv måte feller det haustingsverdige overskotet av hjortestammen.